

Styret i Uskedalen Utvikling vil under årsmøtet måndag be om at sandsaka blir utsett ttil alle partar har høve til å møta og kan leggja fram sine synspunkt. Det kan ikkje Trond L. Myklebust på grunn av jobb i Nordsjøen.

Styret har no kome med dette fråsegna:

' Styret i Uskedalen Utvikling har merka seg oppfordringa frå Geir Enes, Odd Steinar Arnesen, Bjørn Olav Tveit og Kjell Erik Taranger om at ein på årsmøtet i UU sluttar seg til ein resolusjon mot sandtaket på Øvre Døsland. Vi har og merka oss innlegget til Lasse Yri som ber årsmøtet sjå bort i frå denne resolusjonen.

Styret synest det er svært positivt at bygdefolket engasjerer seg i utviklinga av bygda vår - anten det er for eller i mot dei forskjellige sakene som kjem opp. Når det gjeld sandtaket har Trond L. Myklebust som er initiativtakar til sandtaket allereie hatt eit møte med grunneigarane/berørte partar der han har lagt fram planane. Vi skjønar at det er mange, sterke og delte meiningar om dette.

Styret i UU meiner at om ein skal ta standpunkt til noko, anten for eller i mot, bør alle partar få leggja fram, sine synspunkt i saka. Når det gjeld sandtaket, har vi vore i kontakt med Myklebust, men han er avskoren frå å stilla på årsmøtet på grunn av jobb i Nordsjøen. Då den eine parten ikkje har høve til å møta, kjem styret til å ta opp saka og oppmoda om at den blir utsett til alle partar har høve til å vera til stades og kan leggja fram sine synspunkt.

Når det gjeld UU er dei til for heile bygda/bygdefolket og har hittil valgt å ikkje velgja side i saker med sterke motpartar innad i bygda. Om ein på eit eventuelt seinare møte vel å sjå bort frå dette og vel å stilla seg bak eit fleirtal ved ei røysting overlet det sitjande styre til det nye styre (som blir innstilt på årsmøtet) å ta stilling till.

Styreformann i UU Gunnar Myklebust har sagt seg inhabil i saka om sandtaket og er difor fritatt frå å uttala seg i den på vegne av UU.

Styret i Uskedalen Utvikling '